

Hemsedal Mållag  
v/leiar Sønnev Skrede

Til  
Regionrådet  
v/leiar Jan Olav Helling

Hemsedal 28.februar 2021

### **SØKNAD OM STØTTE TIL GJENNOMFØRING AV DIALEKTLEIR 2021**

Hemsedal Mållag søker Regionrådet i Hallingdal om støtte til gjennomføring av Dialektleir 2021.

#### **Kvifor arrangere Dialektleir:**

Ein svikt i formidling av ordninga med å kunne søke økonomisk støtte frå Regionrådet, har ført til at denne søknaden vert levert etter søknadsfrist 1.mars. Dette seier vi oss lei for men håpar denne søknaden også kan bli vurdert.

#### **Litt historikk:**

Dialektleir på Krosstølane har vore arrangert 8 gonger tidlegare og har hatt deltakarar frå alle hallingdalskommunane. Slik sett er dette å sjå på som eit regionalt prosjekt.

Ansvarleg for leirane har vore Tori Snerte og Sønnev Skrede og leirane har vore arrangert om sommaren på Krosstølane i Hemsedal. Det har vore med 16 -18 barn/ungdom på kvar leir.

Dei siste åra har ein hatt ein barneleir og ein leir for ungdom. Leirane har hatt eit budsjett på ca kr 100 000,-.

Meir detaljert dokumentasjon (budsjett) kan me ettersende og det er ønskeleg.

#### **Haustsamling:**

Erfaring tilseier også at ei helgesamling om hausten for årets deltakarar har gitt resultat.

Haustsamlinga har vore avgjerande for å motivere deltakarne til å halde fram med å bruke hallingdialekta. Vi har hatt ei samling for ungar 9 til 14 år og ei samling 15 – 19 år. Dette tenker me å ha i haust også.

I fjor sette korona pandemien ein stoppar for å arrangere Dialektleir 2020. Men i år er håper at ein på nytt kan samle barn og unge til Dialektleir på Krosstølane, og gjennomføre 2 haustsamlingar.

Hemsedal Mållag søker om støtte til Dialektleir og til Haustsamling i 2021:

20 000,- til sommarlei

20 000,- til haustleirar

20 000,- til dokumentering og evaluering av dialektleir konseptet

Til saman 60 000,-

Sjå budsjett i eige vedlegg.

Med helsing

*Hemsedal mållag*  
*For styret/ Randi B. Lien*